



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 - 432.2

Dato 13.09.2024

Innkalling til styremøte 20.09.24

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Fredag 20.09.24 kl. 10:00
Stad: Gaustatoppen Turisthytte

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|--|
| Sak 25/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 26/24 | Saksframlegg:
Brattefjell-Vindeggen LVO - Etablere tilskotsordning - kulturlandskap i verneområdet
– Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord |
| Sak 27/24 | Referatsaker |
| Sak 28/24 | Eventuelt |
| Sak 29/24 | Neste møte |



Sak 26/24

Brattefjell-Vindeggen LVO - Etablere tilskotsordning - kulturlandskap i verneområdet

Kort om saka

Det vart på sist styremøte (14.06.24) drøfta og bestemt at verneområdestyret skal sjå på moglegheita for å utarbeide ei tilskotsordning for skjøtsel- og kulturlandskapstiltak i verneområdet. Styret kan søkje Miljødirektoratet om midlar til slike prosjekt og tiltak for kommande år. Det vart vidare bestemt på styremøtet at verneområdeforvaltar skulle sjå nærmare på dette frem til neste møte, og lage ei eiga sak for å kome i gang med prosessen/arbeidet.

Vedlegg og relevante dokument

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2017.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025 (Miljødirektoratet).

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiene i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjørder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.



Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

Vurdering

Eit av dei tre verneføremåla i forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er følgjande: «*Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.*»

I *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025* (Miljødirektoratet) står det mellom anna følgjande:

«*Regjeringen vil bevare et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner, og en god forvaltning av verneområder er viktig for å kunne nå dette målet. Regjeringen ferdigstilte i 2019 Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, og ett av tiltakene i planen er å oppdatere strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder innen 2021. Ifølge tildelingsbrevet til Miljødirektoratet for 2019 skal "Styrket ivaretakelse av verneverdiene i verneområdene og oppfølging av handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene" prioritertes. Tiltaksmidlene fordeles på bakgrunn av dagens trusselbilde og har som formål å ivareta, samt forbedre tilstanden i verneområdene. Midlene prioritertes derfor til tiltak som virker avbøtende på negative påvirkningsfaktorer der verneverdiene er truet.*


Klimaendringene kan forventes å gi økt stress for mange av artene og naturtypene i verneområdene og kan gi endringer i sammensetningen av arter. For å minimere de negative effektene av klimaendringer på verneverdiene, må andre negative påvirkninger begrenses mest mulig. Eksempler på dette er gjengroing, forstyrrelser og forurensning. I tillegg bør forvaltningen av verneområder nå ta ekstra hensyn til klimaeffekter i planlegging av tiltak. Skjøtselstiltak, som fjerning av fremmede arter, må for eksempel antas å øke i omfang som følge av klimaendringene, og planlegging av tilretteleggingstiltak som etablering av stier og broer, må ta høyde for økte nedbørsmengder med påfølgende flom- og rasfare.»

Vidare står det at «*forutsetning for tildeling av midler er at tiltak skal være forankret i en skjøtsels- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.*

I forkant av innmeldingen må formalitetene rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.»

Prioriteringer ved bruk av midler til tiltak i verneområder

Klima – og miljødepartementet har bedt om en styrket ivaretakelse av verneverdiene i verneområdene. Bedring av tilstanden i verneområder, slik at antall truede verneområder reduseres, vil derfor ha fokus. De største negative påvirkningsfaktorene er gjengroing, fremmede arter, forstyrrelse av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon, figur 1.



Utklipp fra *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025* (Miljødirektoratet).



Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet og verneverdiane i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet. Ein veit at attgroing og framande artar er eit av dei større trugsmåla i fleire verneområde og i norsk natur. Difor vil verneområdestyret stimulere til tiltak og skjøtsel som kan betre tilstanden og hindre/redusere attgroing slik at kulturlandskapsverdiane i verneområdet vert ivaretake. Ein ser for seg at grunneigarar, eigarar av hytte/stølar, heimelshavarar m.m. kan søkje på midlar for å gjennomføre ulike kulturlandskapstiltak. I ein del tilfelle kan Statens Naturopsyn (SNO) utføre skjøtsel og fleire tiltak på bestilling frå verneområdestyret.

Føremålet med denne saka er å få formalisert at verneområdestyret ynskjer å etablere ei tilskotsordning for skjøtsel- og kulturlandskapstiltak i verneområdet.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret skal for 2025 søkje Miljødirektoratet om midlar til skjøtsel- og kulturlandskapstiltak i landskapsvernombordet. Det vil framover bli utarbeidd søknad om midlar samt forslag til ei tilskotsordning retta mot tiltak for å hindre og redusere attgroing av kulturlandskapet, for å best mogleg ivaretake verneføremåla og verneverdiane i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.